

# Søknader frå kommunane i Hordaland 2016

Kulturminnekompetanse i  
kommunane - KIK



BERGEN KOMMUNE

**BYANTIKVAREN**

Domkirkegaten 6A

Postboks 7700, 5020 Bergen

Telefon 55 56 65 08

Telefaks 55 56 65 09

klima.miljo.byutvikling@bergen.kommune.no

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Deres ref.

Deres brev av:

Vår ref.

201601059-2

JOKR

Emnekode

ESARK-36

Dato

12. februar 2016

### **Byantikvaren Søknad om støtte. Kulturminneplaner i kommunene 2013-2016 (KIK) -**

Vi viser til utlysning av midler og beklager den sene tilbakemeldingen. **Bergen kommune søker med dette om 100.000 kroner til arbeidet med en kulturminneplan.**

Bergen kommune vil i 2016 starte arbeidet med en kulturminneplan for Bergen kommune. Arbeidet er forankret i Byrådsplattformen og budsjettet for 2016.

Kompetanseutvikling i lokalforvaltningen er et av innsatsområdene i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren. Det vises til at kommunene gjennom sin myndighet i henhold til plan- og bygningsloven er særlig viktige offentlige aktører i kulturminnevernet.

På nasjonalt nivå har Riksantikvaren utarbeidet håndbok i registrering av kulturminner, veileder for verdivurdering og utarbeiding av kulturminneplaner og veileder for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og -landskap. Bergen kommune er blant kommunene i Hordaland som ikke har begynt arbeidet med kulturminneplan og som derfor er særlig oppfordret til å ta del i dette prosjektet.

Bergen kommune er en stor kommune som er rik på kulturminner; både automatisk fredete kulturminner og nyere tids kulturminner; i et spenn fra før-reformatoriske kulturminner til bygninger fra etterkrigstiden av høy arkitektonisk kvalitet. Bergen kulturminner strekker seg fra den tette byen med stor tidsdybde til de ensidige industribygdene som Salhus og Ytre Arna, samt rurale områder med gårdstun og andre av jordbrukets kulturminner. Det kan være komplekse miljøer som Laksevåg med elementer fra tidlige strandsted og industristed via viktig krigshistorie til viktig moderne arkitektur. Og det kan være rene arkitektonisk viktige boligområder som Eikeviken, Finnbergåsen og Kråkenes. Kulturminnearbeidet i Bergen er komplekst.

Byantikvaren i Bergen jobber med å lage en kulturminnestrategi som vil være rammen for et arbeid med en kulturminneplan og arbeidet med de plantilknyttede kulturminnegrunnlagene. **Til arbeidet med en kulturminneplan søker derfor Bergen kommune om 100.000 kroner for 2016.** Byantikvaren ønsker også å samarbeide med fylkeskommunen i KIK og med andre

kommuner om kulturminneplan. Byantikvaren har allerede i dag et forpliktende samarbeid med Os kommune om kulturminneplan.

Med hilsen

BYANTIKVAREN

*Jonatan Krzywinski - rådgiver*

*Johanne E Gillow - byantikvar*

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk.*

**Fra:** Bente Bjelland (bebj@fitjar.kommune.no)

**Sendt:** 18.02.2016 14:51:36

**Til:** Elizabeth Warren

**Kopi:**

**Emne:** søknad om midlar til registrering av kulturminne

**Vedlegg:**

Søker med dette om kr 50 000,- for registrering av prioriterte kulturminne i Askeladden.

Mvh Bente Bjelland

Fitjar kommune



# FUSA KOMMUNE

## Kultur

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdlinga  
Boks 7900  
5020 BERGEN

Løpenummer : 16/1098  
Arkivkode : FE-143, FA-C00  
Sakshandsamar : Erik Vangsnes  
Direktenr. tlf. : 56580153

Dato : 08.02.2016

Vår ref.:  
Saksnr.: 15/923 - 12  
(Oppgje "vår ref." når De tek kontakt om saka.)

Dykkar ref.:

### Oppdatert søknad om tilskot til kulturminneplanarbeid 2016-2017

Fusa kommune vil syna til utlysing av midlar frå Prosjekt «Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016».

Fusa kommune vil med bakgrunn i denne søknaden søkja om eit samla tilskot på kr 200.000,- til kulturminneplanarbeid i 2016. Ein vil syna til tidlegare dialog om dette, og vi håper vi kan bli vurderte.

Fusa kommune ønskjer å utarbeida ein heilskapleg kulturplan der kulturminne, med både materielle og immaterielle kulturminne, inngår som eitt av fleire tema. Denne planen vil då avløyse Kommunedelplan for kulturvern frå 1998.

### Forankring

Fusa kommunestyre har i Kommunal planstrategi 2014-2016 vedteke at det skal lagast ein ny Kommunedelplan for kulturvern. Det er i planstrategien opna for at kulturminneplanen kan inngå i ein heilskapleg kulturplan. I samband med årsbudsjett for 2016, Økonomiplan 2016-2019 er det gjort vedtak om oppstart av ein Kommunedelplan for kultur i 2016 der kulturminner vert eitt av fleire tema.

### Framdriftsplan

Vi har administrativt starta opp arbeidet med å førebu planarbeidet. Vi legg ved utkast til mandat som skal leggjast fram for rådmannen til behandling no i starten på februar. I dette mandatet er det laga eit framlegg til framdriftsplan. I følgje denne planen vil ein få endeleg vedtak først i oktober 2017.

Når det gjeld innhaldet i planen, val av tema, vil dette verta endeleg klarert i arbeidet med planprogrammet det neste halvåret, men det ligg som ein klar premiss at tema kulturminne skal handsamast i planen. Vi legg ved ein presentasjon av det nye planarbeidet som er laga for intern informasjon.

## **Kostnader**

Prosjektleiing og planskriving vert gjort lokalt med egne ressursar. Det er både kostnadseffektivt, gjev god forankring i eigen organisasjon og sikrar at vi byggjer eigen kompetanse.

Vi vil henta inn ekstern hjelp til ein del registeringsarbeid, analyser og kartleggingar. Dette er aktuelt å gjera på m.a. tema:

- Kulturminne
- Frivillig politikk
- Kulturbygg
- Statistikk/ økonomi

## **Budsjett:**

Prosjektleiing/ plankonsulent 1/3 stilling	250.000,-
Kartlegging/ registrering/ analyser - kjøp	340.000,-
Møter og div	20.000,-
<b>Samla kostnad</b>	<b>610.000,-</b>

## **Finansiering**

Fusa kommune vil søkja om ekstern finansiering av dei tenestene vi må kjøpa. Eit førebels budsjett for finansieringa vil sjå slik ut:

Bruk av egne tilsette	250.000,-
Investeringstilskot kulturbyggsutgreiing	100.000,-
Tilskot HFK kulturminne	100.000,-
Tilskot Riksantikvaren	100.000,-
Tilskot HFK frivilligpolitikk	40.000,-
Bruk av egne driftsmidlar	20.000,-
<b>Samla finansiering</b>	<b>610.000,-</b>

## **Behov for kartleggingar på kulturminneområdet**

Det er ønskeleg med ein breid gjennomgang av m.a. Sefrak-materiale med faglege vurderingar av verneverdiar. Noko er alt gjort for sjøbruksmiljø i samband med regional strandsoneplanlegging, men dette må følgjast opp for heile kommunen.

Dette er eit omfattande arbeid og vi ønskjer sjølvstøtt ein tett dialog med fylkeskommunen for å få eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag for utarbeiding av kulturminnedelen av planen. Vi tenker at planen skal få ein registerdel og vedlegg med registreringar i digitale kart, som vil styrka seinare sakshandsaming på alle nivå.

## **Val av prosjektleiar**

Underteikna vil vera prosjektleiar og plankonsulent. Til dagleg er eg kulturleiar i Fusa kommune. Min bakgrunn er som etnolog frå UiB. Eg har arbeidd med tilsvarande kulturminneplanarbeid i Os og seinare i Fusa. Eg har hatt ansvar for alt planarbeid på kulturområdet i Fusa kommune siste 20 åra.

Vi er sjølvsagt interesserte i å inngå i nettverksarbeid med andre kommunar og vil bidra aktivt inn her.

Ta gjerne kontakt om de treng meir informasjon eller dokumentasjon.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to be 'Erik Vangsnes', written over the typed name and title.

Erik Vangsnes  
Kulturleiar



Hordaland fylkeskommune  
Kultur og idrettsavdelinga

5020 BERGEN

Jondal kommune  
5627 JONDAL  
Tlf. 53 66 95 20  
Faks 53 66 95 10  
e-post [post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)  
[www.jondal.kommune.no](http://www.jondal.kommune.no)  
Org.nr 944 439 927  
Bank 3450.07.08206  
Sakshandsamar:  
E-post [sigrid-brattabo.handegard@jondal.kommune.no](mailto:sigrid-brattabo.handegard@jondal.kommune.no)  
Tlf. 53 66 95 24

*Dykkar ref.*

*Vår ref.*

*Arkiv:*

*Dato*

16/120-1 /SBH/16/994

03.03.2016

### Kulturminneplan i kommunane – søknad

Viser til utlysning og brev av 6.01

*Jondal kommune søker med utgangspunkt i vedteken kommunedelplan for kulturminne om kr 120 000 til prosjekt «Kartfesting og registrering av kulturminne i Jondal kommune».*

#### Kort om prosjektet

Jondal kommune vedtok i 2009 Kommunedelplan for kulturminne 2009–2020.

I handlingsprogrammet vedtok ein å kartfeste og tematisere kulturminna i planen. Dette vil ein no gjennomføra . I tillegg skal prioriterte kulturminne leggjast inn i databasen Askeladden Vidare vil ein gå gjennom planen for å korrigere/oppdatere fakta. Ein legg ikkje opp til ei fullstendig rullering av planen i denne omgang.

Helleurda på Sollesnes er ein stor kulturarv og forvalta. Ein vil gjennomføre ei kartlegging av kulturminna i områda med skiferførekomst på Sollesnes. Dette med tanke på både å leggje til rette for vidare skiferdrift, men og som grunnlag for formidling av denne viktige kultur og «industrihistoria» vår.

Prosjektet skal gjennomførast i løpet av 2016/17, delvis med egne tilsette og delvis med kjøp av tenester.

Ansvarleg for prosjektet er Jondal kommune v/ teknisk sjef Sigbjørn Haugen

#### Kostnader

Kartfesting av kulturminne jmf Kulturminneplan	kr 50 000
Kartlegging av kulturminne, Helleurda	kr 150 000
<u>Enkel oppdatering av Kulturminneplan 2009–20</u>	<u>kr 50 000</u>
Sum	kr 250 000



Finansiering

Jondal kommune	kr 130 000
Hordaland fylkeskommune	kr 120 000
Sum	kr 250 000

Med helsing

*Sigrfd B. Handegard*  
Sigrfd B. Handegard  
landsbylos

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Deres ref. Arkivsakid-doknr: 2015000569-67 Saksbeh: Jorunn Monrad Arkivkode Dato:  
Journalpostid: 2016000819 Telefon: 53654675 K2 - C50 18.01.2016

## Søknad om midler til kulturminneplan

Odda kommune søker om 200 000 kr. i midler til arbeid med å revidere kulturminneplanen 2013-2020

### Bakgrunn

Kulturminneplanen 2013-2020 blir rullert. Imidlertid er det mye som ikke er kartlagt i denne planen.

- Planen inneholder ikke noen oversikt over typer arkitektur som bør bevares, stedstypiske bygningstyper ol.
- Planen bør inneholde flere indikasjoner for bevaring av Odda sentrum og områdets egenart
- Registrering av kulturminner er ikke fullstendig, og de er ikke korrekt prioritert.
- Smelteverkstomta berøres i liten grad av planen fordi vernestatus var uavklart da planen ble vedtatt
- Stølsområdene har vært gjenstand for en egen studie som bør innlemmes i planen
- Det ville være ønskelig med mer lokal medvirkning.

Vernestatus på Smelteverkstomta er nå avklart, og oppgradering av området er i gang. Det ville derfor være ønskelig å utarbeide en helhetlig kulturminneplan som ser eksisterende sentrum og det nye byområdet som en helhet.

Det viktigste er kanskje likevel medvirkning. Det er mange deler av Odda kommune der innbyggerne ikke har fått komme med innspill og fått gitt uttrykk for hva de anser som viktig. Det er også nødvendig å få lagt mange kulturminner inn på Askeladden. Byantikvar har kartlagt flere kulturminner fra annen verdenskrig i løp av 2015, og det er også nødvendig å klargjøre status på flere kulturminner som enten har for lav status, eller for høy. For eksempel har kommunen en flott steinbro fra 1840 som ikke en gang er SEFRAK-registrert, mens broen over Låtefoss ble bygget helt om, utvidet og murt med betong på 1950-tallet, men nevnes likevel som en viktig gammel steinbro. Det er også uklarerheter rundt Almannavegen, spesielt i Røldal sentrum.

Kommunen søker derfor om KIK-midler til revidering av kulturminneplan og til føring av kulturminner i Askeladden.

Prosjektplan

### Et levende kraftsenter

Teknisk forvaltning  
Telefaks: 53 65 46 01  
Opheimsgata 31  
5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814  
Bankgiro: 3201.50.24584  
Innbetaling skatt: 6345.06.12288

Telefon: 53 65 40 00  
Telefaks: 53 65 40 51  
Epost: [epost@odda.kommune.no](mailto:epost@odda.kommune.no)

Planarbeidet vil bestå i systematisk kartlegging av stedstypisk arkitektur, verneverdige bygninger og andre kulturminner i de forskjellige områdene i Odda. I samme anledning vil også områder som bør få status som hensynssoner kartlegges, som innspill til kommuneplan.

Det vil holdes folkemøter og opprettes dialog på nett (facebook og annet) for å fremme medvirkning. Lokale historielag, kulturinteresserte, museer og andre vil rådføres med. Mye arbeid er også blitt gjort i senere år, som ikke er inkludert i eksisterende plan. Dette gjelder blant annet oversikten over støler, og kartlegging av Smelteverkstomta, fordi dette områdets status var uklar når nåværende kulturminneplan ble utarbeidet. Det er med andre ord nødvendig å redigere kulturminneplanen for å inkludere disse nye elementene.

Mye av arbeidet vil gjøres ved å involvere frivillige. Arbeidet med faktisk registrering vil utføres av byantikvar i samarbeid med en person fra NAV, i arbeidstrening. Vedkommende vil få opplæring av byantikvar og også tas med til Bergen og motta videre opplæring hos fylkeskommunen.

#### Fremdriftsplan

Mars 2016:	Tilsagn om midler
April 2016	Kunngjøring i media om revidering av kulturminneplan med invitasjon til innspill
Mai 2016:	Folkemøter om kulturminnevern, møter med historielag, kontakter i sosiale media osv.
April-juli 2016:	Synfaring, fotografering og kartlegging av kulturminner
Juli-september 2016:	Registrering av kulturminner i Askeladden (dette vil gjøres av en person som er midlertidig ansatt på prosjektet i samarbeid med NAV)
August-oktober 2016:	Revidering av plan,
November 2016:	Politisk behandling

#### Økonomiplan

Utgifter vil gå til annonser og media, organisering av møter og temakvelder, kartlegging (reiseutgifter), opplæring av personen som skal registrere kulturminnene i Askeladden, og eventuelt noen konsulentutgifter.

Vennlig hilsen  
For Teknisk forvaltning

Kristian Eide Jensen  
Plansjef

Jorunn Monrad  
Byantikvar

Kopi:  
Elizabeth Jan Warren

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
15/394 - 7	/ Coo/ &30	Lisbeth Lunde Axelsen - 56575207		01.02.2016

### **Kulturminneplan - Søknad om midlar til vidare registrering av kulturminner og kompetansestyrking i os kommune**

Vi visar til brev av 6. januar 2016 til kommunar i Hordaland med invitasjon til samarbeid i 2016 og utlysing av midlar.

Os kommune har en vedtatt planstrategi. «Kommunal planstrategi for Os kommune», som blei vedteken i kommunestyret 18.12.2012. I planstrategien legges det opp til ein oppdatering av den eksisterande kulturminneplanen frå 1992. I forbindelse med utarbeidinga av kommuneplanens samfunnsdel, blei dette arbeidet ytterlegare aktualisert. Arbeidet med planprogram for kommunedelplan for kulturminne i Os er i gang, og reknar med å bli behandla i os kommunestyre seinast 16.06.2016. I den nye planen vil omsynsoner, kulturminner frå nyare tid, samt krigsminner få eit spesielt fokus. Rulleringa av arealdelen til kommuneplanen er så vidt starta.

#### **Prosjektplan**

I 2015 fekk Os kommune løyvd eit tilskot på kr 100 000,- til arbeid med registrering. I tillegg vart det inngått ei avtale om kjøp av kulturminnefagleg kompetanse tilsvarande ei 20% stilling hos Byantikvaren i Bergen. Dette er ein to-årig avtale, som vi så langt har hatt god nytte av.

I 2015 har vi hatt størst fokus på registrering av krigsminne. Så langt er ca. 40 installasjonar registrert, typebestemt, oppmålt og teken bilete av. Samstundes har vi forsøkt så langt rå er å få fortellingar kring det einskilde minner frå innbyggjarar som levde under krigen. Tilsette har vore i Edinburgh og sett igjennom bileter frå engelsk etterretning, og vi ventar no på det vi har bestilt. Os kommune var eit område med stor aktivitet under krigen, og omfanget av installasjonar er meir omfattande en vi trudde. Dette arbeidet fortsetter. Planprogrammet utarbeidas, og blir organisert frå Byantikvaren i Bergen. Planlagd å bli behandla i Os kommunestyre 16 juni 2016.

Alle freda kulturminne registrert i Askeladden vil bli registrert på nytt med oppmålingar og bileter. SEFRAK registrerte hus ligg i dag i kommunens matrikkel, men treng truleg ein oppdatering.

Forutan krigsminne, er det vurdering av nyare kulturminne og forslag til omsynsoner i arealdelen til kommuneplanen som vil få prioritet. Dette arbeidet vil gjerast parallelt med planprogrammets utarbeiding.

Da det viktigaste er at planen blir grundig og får brei forankring, er det vanskelig å setta eit tidspunkt for endeleg sluttbehandling i kommunestyret.

#### **Økonomi**

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Tele fax: 56 30 75 26	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innavl: 56575207		

Arbeidet er ressurskrevjande. Med unntak av bruk av egne ressursar samt samarbeidsavtalen med Byantikvaren i Bergen, har vi så langt brukt ca. kr 120 000,-. Det er vanskelig å estimera ein endeleg kostnad for heile planprosessen, men trur det er realistisk å berekna nærare kr 300 000,- for arbeid utanom det vi allereie brukar av lønsressursar.

Vi søker om kr 100 000,- i 2016 for vidare arbeid med planen.

Med helsing

Lisbeth Lunde Axelsen  
Kultursjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentraltbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Tele fax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innavl: 56575207



Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og Idrettsavdelinga  
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014000152-28/2016000795 Arkiv: N - 256 Dato: 21.01.2016

## **SØKNAD OM MIDLAR TIL REGISTRERING I ASKELADDEN**

### **Kulturminneplan i kommunane 2016**

Vi viser til utlysning av midlar til kulturminneplanar i kommunane i 2016, der det òg er høve til å søkje midlar til kartfesting og innregistrering av kulturminne i Askeladden.

Kulturminneplanen til Sveio kommune blei vedtatt i oktober 2015. Me har starta arbeidet med å registrere dei verna kulturminna i Riksantikvaren sin dokumentasjonsmal, men manglar midlar til å fullføre arbeidet. Me har lagt inn 1/3 av dei rundt 600 einskildminna som er verna (klasse A) i planen. Det arbeidet som er gjort, har gitt oss god oversikt over kva dette vil krevje av arbeidsinnsats og kva kostnaden er. På grunnlag av dette vil me søkje om kr 30 000 i støtte frå Hordaland fylkeskommune til det arbeidet som står att.

Framdriftsplan: Ferdig innan september 2016

Kostnad: 120 t à kr 250,- = kr 30 000

Med helsing

Ellen Urheim Tveit  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 Voss

Hordaland Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga  
Fylkesbiblioteket  
5020 BERGEN

**Vedr. Saknr. 16-00570 Dokumentnr. 16-00570-1**

Dette brevet er godkjent elektronisk i Voss kommune og sendt deg gjennom SvarUt som er kommunane si felles løysing for digital utsending av dokument til innbyggjarar og næringsliv.

Til deg som mottek brevet på papir, veit du at du kan motta brev i innboksen din i Altinn, og at du då mottek brevet med det same det er ferdig?

Dersom du loggar deg inn på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og registrerer mobilnummer og epost, vil du motta varsel på sms og epost når Voss kommune sender brev til deg - og straks etter kunna lesa brevet i Altinn.

Med venleg helsing

Voss kommune



Hordaland Fylkeskommune Kultur- og  
idrettsavdelinga  
Fylkesbiblioteket  
5020 BERGEN

## Søker om tilskot til rullering av kulturminneplan

Me syner til skriv datert 08.01.2015, prosjekt *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016* (KIK) med invitasjon til samarbeid i 2015 og utlysning av midlar.

Voss kommune vedtok sin «*kommunedelplan for kulturminne i Voss, 2004 – 2007*» i 2004. Kulturminneplanen vart i si tid utforma med hovudmålsetjing om å registrera, sikra og forvalta kulturminne og kulturlandskap på ein forsvarleg og framtidretta måte. Kulturminneplanen skulle slik bidra til å:

- ✓ *Synleggjere kommunen sin kulturminnepolitikk ved å lage eit handlingsprogram for forvaltning av kulturminne utifrå prioriteringar gjort i samråd med sogelag, interesseorganisasjoner, antikvariske mynde og andre interesserte.*
- ✓ *Fokusere på dei kulturminna som er gode kjelder til kunnskapsformidling gjennom sin bygningshistoriske, sosialhistoriske og næringshistoriske verdi.*
- ✓ *Sjå kulturminne og kulturmiljø i samheng/som ein heilskap.*
- ✓ *Utarbeide eit verktøy for å ta vare på dei mest verdifulle kulturminna i kommunen.*
- ✓ *Forvalte kulturminne på best mogleg måte ved å sjå dei som ein verdi og ta omsyn til dei tidleg i alt planarbeid.*
- ✓ *Gjere lokalbefolkningen medviten om kulturminne gjennom informasjon.*
- ✓ *Nytte motivasjon og samarbeid som verkemiddel for vern.*
- ✓ *Oppmode til medverknad frå lokalbefolkningen i forvaltningen av kulturminna*
- ✓ *Utarbeide ein brukarvenleg plan for kommuneforvaltning og grunneigarar.*
- ✓ *Inngå samarbeid med styresmaktene som har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturminna i kommunen.*

I utarbeidinga av planen vart kartlegging og registrering av kulturminne prioritert. Kartlegging av viktige kulturlandskap vart ikkje tilfredsstillande gjennomført. Voss kommune vedtok i 2015 sin aller fyrste kulturplan der fagfeltet «Verdsarv, kulturminne, kulturvern og museum» er skildra med fem overordna målsetjingar og 20 konkrete tiltak. Det er likevel behov for ei rullering av kulturminneplanen og ynskje om dette vert no lagt fram som del av kommunen sin planstrategi. Ei rullering av kulturminneplanen skal innehalda ei oppdatering av kulturminna samstundes som kulturlandskapa i kommunen vert registrert og vurdert. Det er vidare ynskjeleg at nye verktøy innan registrerings- og forvaltningsarbeidet (mal for kulturminnevern, få







prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden) vert integrert i kommunen sitt forvaltningsarbeid.

Ei rullering av kulturminneplanen som skildra over vil bidra til at Voss kommune får styrka og oppdatert kjennskap på kulturminnefeltet. Vidare vil dette bidra til at kommunen får sikra og vidareføra kulturarva vår, at verdsarva vert ytterlegare synleggjort og at kunnskap knytt til kulturminne og kulturlandskap vert sikra og formidla. Alt dette skildra som målsetjingar i den nye kulturplanen.

Voss kommune ynskjer å nytta arbeidet til å vidareutvikla intern kompetanse i kommunen, men ser støtte, både i form av rådgjeving og opplæring samt økonomisk støtte, frå Hordaland Fylkeskommune som absolutt nødvendig for å få dette til.

**Voss kommune søker med dette om tilskot på kroner 200.000 til arbeidet.**

Voss kommune sitt arbeid med rullering av kulturminneplan er avhengig av at dette arbeidet vert prioritert i kommunen sin planstrategi. Planstrategi Voss kommune 2017 - 2020 skal vedtakast i løpet av hausten 2016.

Med helsing  
Voss kommune  
Kommunalavdeling kultur og fritid

Gunnhild Utkvitne

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:  
Plan og miljø, Gunnar Bergo

Mottakar:  
Hordaland Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga